



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kunstplan for Voss gymnas

November 2015
revidert oktober 2016

Omtale av bygg og byggeprosjekt

Læring og samhandling – ei utviklingsreise mot di framtid!

Voss gymnas får eit nybygg på omlag 12 000 kvadratmeter, som blir plassert nordaust for det gamle landsgymnaset som vart teke i bruk i 1919. Voss gymnas har stolte tradisjonar, og det snart 100 år gamle bygget har klart seg godt gjennom åra med aktiv bruk. Det gamle bygget skal rustast opp slik at det vert ein integrert del av den nye skulen. Bygga ligg på Skulehaugen, ein morenehaug som hever seg ovanfor sentralidrettsanlegget i Voss sentrum. Skuleanlegget er sentrumsnært, men på grunn av topografien vert det opplevd som noko avsondra frå resten av sentrum, som eit eige område med ein eigen identitet.

Voss gymnas skal vere ein skule for framtida, og eit kraftsenter for utdanning i Indre region i Hordaland. Skulen skal vere i samhandling med samfunnsaktørar; kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar.

Voss gymnas tilbyr utdanning for ungdom og vaksne inn mot høgare utdanning og fagutdanning.

Samhandling, kunnskapsdeling, dialog og refleksjon skal bidra til ei utviklingsreise for heile mennesket. Gjennom bruk av ny teknologi skal elevane bli reflekterte aktørar i det digitale kunnskapssamfunnet. I ei verd i stadig endring er ny kompetanse, fleksibilitet og omstillingsevne viktig.

På Voss gymnas skal den nye og gamle skulen opplevast som ein heilskap, og HLM arkitektur har kome med eit framlegg der nybygget tilpassar seg det gamle jugendbygget. Både i form og funksjon er det tilpassa terrenget på Skulehaugen på ein god måte. Nybygget har plassert seg oppå haugen så den karakteristiske skråninga som omkransar skulehaugen er bevart. Arealet som ikkje er utbygd, er tenkt utforma som eit parkliknande anlegg med ulike aktivitetsoner. Utdanningstilbodet er Studiespesialiserande, Kunst, design og arkitektur, Idrettsfag inkludert Toppidrettsgymnas ski, Musikk, Service og samferdsel, Design og handverk, Helse og oppvekst, Innføringskurs for minoritetsspråklege og Vaksenopplæringscenter for indre Hordaland.

Hordaland fylkeskommune(HFK) er 100% eigar av bygget. Constructa Entreprenør AS vann pris- og designkonkurransen saman med HLM arkitektur AS, Multiconsult og Smedsvig Landskapsarkitekter. Det var totalt 6 aktørar som konkurrerte om det nye skulebygget.

Fem vidaregåande skular på Voss vil etter politisk vedtak om ny skulebruksplan, fusjonere til to skular. Det er eit mål for HFK at begge desse skulane står fram med gode kvalitetar både når det gjeld arkitektur, materialitet og kunst i bygga.

Voss gymnas blir bygd for 590 elevar og 160 tilsette. Besøkande vil primært vere foreldre til elevane og ulike fagkontaktar for dei ulike faga, samt besøkande til OT/PPT, Vo-senteret og Fagopplæringskontoret, og det vert estimert med eit besøk på 800 personar. Integrert i nybygget er det funne plass til ein stor idrettshall, basishall, styrkerom, spinningssrom og garderobeanlegg. Delane av bygget som vert knytt mot idrettsanlegget, vil ha større besøk, særskilt i helgar og på kveldstid. Voss

er eit skulesenter og Voss er arrangør av store idrettsarrangement og festivalar, så det er rimeleg å vente at nye Voss gymnas også vil bli besøkt av desse gruppene. Skulen er organisert slik at ulike deler av bygget kan holde ope ut over vanleg skuletid, så anlegget kan vere fleksibelt og robust i møte med ulike behov gjennom døgeret og framtida.

Kunstkomiteen

Hordaland fylkeskommune har eit vedteke regelverk og prosedyrar knytt til kunstnarlege prosjekt i høve fylkeskommunale nybygg og større ombyggingar. Det vert sett av 1,2 % av totalentepriisen til kunst, og prosedyrane bygger på KORO sine prosedyrar for gjennomføring av kunstprosjekt i offentlege rom.

Kunstkomiteen for Voss gymnas vart etablert 18.03.2015 med følgjande medlemmer:

Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar)
Gunnar Hemre Ringheim(HFK –Eigedomssekjonen),
Ingebjørg Astrup / Elin Reisæter(HFK –Eigedomssekjonen),
Rakel Marøy (lærarrepresentant),
Sara Rykke Mandellid(elevrepresentant),
Per Højgaard Nielsen(arkitektrepresentant),
Tone Stedal Haugland(HFK-Kultur- og idrettsavd)(referent/sekretær)

Frå april 2016 erstattar Merete Hauge (HFK –Eigedomssekjonen) Ingebjørg Astrup / Elin Reisæter i kunstkomiteen.

Kunstkomiteen fungerer også som jury i konkurransar.

Prosjektomtale, kunst

Visjonen for Voss gymnas er «*Læring og samhandling – ei utviklingsreise mot di framtid!*»

Her møtast mange ulike utdanningsprogram - både studieførebuande fag og yrkesfag. Dei arkitektoniske løysningane gjev dei ulike gruppene optimale læringsomgjevnader for si spesialisering, samtidig som logistikken og plasseringa av fellesareala sørgjer for at gruppene vert blanda. I visjonen for nye Voss gymnas har ein fokus på møte mellom menneske med ulike interesser og fokus, og den positive energi og dynamikk dette gir.

Bygget vil bestå av ein eldre del: gamle Voss gymnas, ein flott, høgreist murbygnad frå 1919, og ein ny del med eit moderne uttrykk. Dei to bygningsdelane møter kvarandre i Skuletorget, eit stort og ope rom som strekkjer seg over alle etasjane i bygget. Skuletorget skal binde det nye og det gamle saman, utan brå overgangar.. Det er lagt vekt på at ein skal oppleve den nye og den gamle skulen som ein heilskap, med eit godt samspel mellom gammalt og nytt.

Skulen ligg flott plassert på den karakteristiske Skulehaugen, kor den eksisterande vakre parken får ei viktig rolle som eit tydeleg landskapselement.

Visjonen for nye Voss gymnas skal også avspeglast i kunsten, med distinkte og uventa kunstprosjekt av høg kvalitet og med ei tydeleg stemme. Kunsten skal stimulere til møter, samtalar og opplevingar på tvers av generasjonar, bakgrunn og kultur.

I ei samtid kor bilete og visuelle uttrykk vert konsumert i høg fart, og det meste opplevast å passere fort forbi utan at ein får tak i det, ønskjer vi å fokusere på uttrykk som har ein ibuande materialitet – tyngde, struktur, handverk, og som står seg over tid. Voss Gymnas, som læringsstad og som bygg, har eksistert i om lag hundre år, dei andre skulane som også vert ein del av den nye skulen, har også lang historie. Det er ønskjeleg at det nye bygget, og kunsten, også har et langt tidsperspektiv framover. Vi ønskjer kunst med eit samtidig uttrykk, med base i tradisjonelle teknikkar og handverk.

Val av stader for kunst

Skuletorget

Det sentralt plasserte Skuletorget er eit ope rom som strekker seg over heile 4 etasjar. Dette er eit rom for møte og myldring, og her vil alle elevar og tilsette passere eller opphalde seg. Eit romleg arbeid, eller et arbeid som inviterer til direkte bruk, vil kunne egne seg godt her.

Framlegg til framgangsmåte for val av kunstnar: prekvalifisering med føremål å finne kunstnarar til lukka konkurranse/direkte oppdrag.

Ledevegg og kantine 1. etg

I hovudinngangen i 1. etasje er det ein lang ledevegg, inn mot kantina. Her kan ein tenke seg eit større veggarbeid. Det er ein visuelt avklåra situasjon, med få forstyrrende element.

Kantina i første etasje vender seg ut mot uteområde og gangveg. Rommet er ope utad, med glasfasade. Eit veggarbeid på den lange bakveggen, som også fortsetter inn i læraravdelinga, vil kunne opplevast av elevar og lærarar, og i tillegg utanfrå av forbipasserande.

Forslag til framgangsmåte for val av kunstnar: prekvalifisering med føremål å finne kunstnarar til lukka konkurranse/direkte oppdrag.

Etter open prekvalifisering, inviterte kunstutvalet følgjande kunstnarar til idékonkurranse om oppdrag for Skuletorget og ledevegg/kantine:

Haugen/Zohar
Silje Heggren
Trine Hovden
Britt Smelvær

Britt Smelvær vart vald som utøvande kunstnar for ledevegg/kantine. Kunstutvalet valde å ikkje gå vidare med kunstprosjekt for Skuletorget.

”Gladiatorgangen”, underetasje

Den so kalla Gladiatorgangen går frå garderobane i underetasjen og ut på idrettsbana. Desse delane av bygget/uteområdet vil vere i bruk også utanom skuletid, t.d. ved større idrettsarrangement, og ein vil dermed nå ei større brukargruppe.

Kunstprosjekt i Gladiatorgangen skal bidra til betre akustikk og til å gjere denne delen av bygget til ein betre stad å opphalde seg. Kunstprosjektet skal ta i bruk akustiske paneler.

Forslag til framgangsmåte for val av kunstnar: Lukka konkurranse

Kunstutvalet ønskjer å invitere Kiyoshi Yamamoto og Marius Martinussen til lukka konkurranse om oppdrag for Gladiatorgangen.

Uteområde

Nordsida av bygget vil vere hovudtilkomst for dei som kjem til skulen frå Voss sentrum eller med bil. Her er det ein avklåra situasjon, utan mange visuelle forstyrringar. Den gamle gymsalen har ein stor vegg som kunne egne seg godt til eit veggbasert arbeid. Eit kunstverk på denne sida av bygget vil bidra til at nordsida ikkje opplevast som ei bakside.

Forslag til framgangsmåte for val av kunstnar: Direkte oppdrag

Samlinga

Skulen har ei samling av kunst som ein ynskjer å gå gjennom, oppgradere og evt. komplettere med nyinnkjøp. Kunsten frå samlinga vil bli plassert i både det nye og det eldre bygget. Det er utnemnd ei eiga arbeidsgruppe med kunstfagleg prosjektleiar og medlemmer frå kunstutvalet som skal arbeide vidare med samlinga.

Formidling

For å få til ei god forankring for kunstprosjekta bør formidling ha fokus allereie tidleg i prosessen. Å utvikle eit engasjement og ei interesse for kunst og kunsten sine moglegheiter er eit viktig samfunnsprosjekt. Med eit kunstprosjekt som dette tett på vil elever og tilsette ved skulen kunne få eit unikt høve til å bli godt kjend med nye kunstnarar og ny kunst av høg kvalitet, og kan hende følgje prosjektet i alle fasar. Kunstutvalet vil ta stilling til korleis kunstprosjekta skal formidlast når dei enkelte kunstprosjekta er spesifiserte.